



IHK Nøytralitetsrapport 2024

Krav om nøytralitet

Grunna nettselskapa sin funksjon som eit naturleg monopol, stiller styresmaktene krav til korleis nettselskapa skal agera. Krava seier at nettselskapa skal opptre nøytralt overfor strømleverandørar og kundar når det gjelder leveransen av ulike tenester og når det gjeld tilgang til informasjon om tenestene. Nettselskapet skal dessutan handtera informasjon på en måte som gjer at straumleverandørar eller andre tenesteleverandørar ikkje får eit konkurransefortrinn. Krava til nettselskapa sin nøytralitet er dekkja i forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv., samt i forskrift om nettregulering og energimarknaden. For å bidra til at nettselskapa faktisk opptre nøytralt, er dei pålagt å ha interne rutinar som syner kva plikter knytta til nøytral framferd som gjeld for dei tilsette og leiinga. Kvart år skal det produserast ein nøytralitetsrapport som syner korleis nettselskapet handterer utfordringar knytta til nøytralitet. Nettselskapet skal og ha ein eigen utpeika nøytralitetsansvarleg, som skal sjå til at nøytraliteten vert ivareta.

Organisering av Indre Hordaland KraftNett AS

Indre Hordaland KraftNett AS (IHK) er eit av tre heileigde dotterselskap av Energiselskapet Hardanger AS. Dei andre dotterselskapa er Hardanger Energi AS og Hardanger Energi Breiband AS. Sistnevnte var funksjonert inn i Energiselskapet Hardanger AS frå 01.01.2023. Energiselskapet Hardanger AS eig også 50% av selskapet Teltech AS. Den andre eigaraen er Voss Energi AS. Selskapet er ein elektroentreprenør og tilbyr tenester retta mot tele-og fibermarkedet.

I desember 2024 varsla Energiselskapet Hardanger AS at dei har kjøpt alle aksjane i Kvamnet AS. Kvamnet er breibandsleverandør i Ullensvang, Kvam, Samnanger og deler av Bjørnafjorden. Dei har same kjerneoppgåver som Hardanger Energi Breiband AS. Kvamnet vil med virkning frå 2025 verte eit dotterselskap på lik linje med dei andre. Selskapet vil inntil vidare fortsetta som eit eige selskap.

Energiselskapet Hardanger AS er eit 100 % offentleg eigd selskap, eigd av Eidfjord kommune, Ullensvang kommune og Ulvik herad.

IHK har aksjepost tilsvarende 0,9 % i Validèr AS, som er eigd saman med andre nettselskap. Validèr leverer tenester knytta til innsamling og forvaltning av data frå AMS-målarar.

IHK har om lag 7.200 nettkundar, og konsernet er omfatta av kravet til selskapsmessig skille. IHK er ikkje omfatta av kravet til funksjonelt skille. Dagleg leiar i morselskapet, er einestyre i IHK med dagleg leiar i IHK som vara. Dagleg leiar i morselskapet har same funksjon i Hardanger Energi AS og Hardanger Energi Breiband AS. I konsernstyret møter to tilsette frå IHK som tilsette sin representant og som observatør. Tilsettere representantane er valt av dei tilsette. Alle tilsette i nettselskap og morselskap, samt styremedlemmer er underlagt teieplikt knytta til informasjon som vert tileigna gjennom arbeid eller styreverv.

INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK

Føretaksnummer 919 415 096 MVA

"Din lokale energileverandør!"





Dagleg leiar har utpeika nettingeniør Yngve Læg Reid som nøytralitetsansvarleg. Det er utarbeidd ein eigen rutine for overvaking av nøytralitet, og alle tilsette i konsernet får opplæring i temaet med jamne mellomrom.

Sommaren 2024 vart det ansatt ein person med 30% stilling i IHK og 70% i HEB. Denne personen skulle ha ansvar frå driftssentraloppgåver i IHK. Det vart skrivne databehandlaravtale for dei data personen hadde tilgang til i IHK. Det vart også oppretta eigen epost og domenebrukar til oppgåvene knytt IHK. Dessverre sa denne personen opp og hadde sin siste arbeidsdag 20.12.2024. Det er såleis pr. 31.12.2024 ingen personar som er tilsett i IHK som samstundes er tilsett i andre selskap i konsernet. Tilsette i IHK deler ikkje kontor med tilsette i konkurranseutsett verksemd, men deler administrasjonsbygg med andre selskap i konsernet. Nettselskapet har ikkje hatt felles driftssentral med produksjonsverksemda i konsernet sidan 2016. IHK sel i avgrensa omfang overskotskapasitet innan høgspearbeid til andre nettselskap, kraftprodusentar og andre innanfor rammene av det forskriftene tillet.

IHK kjøper administrative tenester saman med øvrige selskap i konsernet, i tråd med bestemmelsane i forskrift om kontroll av nettvirksomhet. Dette gjeld IT-drift, økonomi og rekneskap. Tilsette i morselskapet yter støtte til nettselskapet innan leing, HR, kommunikasjon og samfunnskontakt. Tom. til 31.12.2023 eigde IHK alle administrasjonsbygg i konsernet og leigde ut kontorplassar til mor- og søsterselskap. Med virkning frå 01.01.2024 var administrasjonsbygga overført til Energiselskapet Hardanger AS. IHK er no ein leigetakar av kontorplassar og lager.

IHK byggjer, eig og driftar fiber til eigen bruk. I den grad det er etterspurt leiger IHK ut overskotskapasitet på fiber til andre aktørar på nøytralt og ikkje-diskriminerande vis. Totalt er det etablert 5 avtalar om utleige av fiber til eksterne, og ein fiberbytteavtale.

Nøytralitet i høve kundar og kraftleverandørar

IHK kjøper kundesentertjenester frå Hardanger Energi AS og morselskap, og vert fakturert for dette etter medgått tid. Pr. 31.12.2024 er to dedikerte personar som har tilgang til IHK sin kundedatabase og som har tilgang til Elhub på IHK sine vegne. Med virkning frå 01.01.2024 vart ein ansatt innanfor kundesenteret i Hardanger Energi AS overført til IHK. Denne personen har ansvar for kundesentertjenestene i IHK. I ferie og anna fråvær vil IHK fortsette å kjøpe kundesentertjenester frå Hardanger Energi AS.

Kundehandsamarane er gitt opplæring i at alle nettkundar skal handsamast likt, og få same service og informasjon uavhengig av kraftleverandør.

Frå 1. januar 2022 er det inngått avtale om gjennomfakturering med Hardanger Energi AS. Pr 31.12.2024 er det ikkje inngått gjennomfaktureringsavtalar med andre kraftleverandørar.

Nøytralitet i høve kraftprodusentar

IHK har 27 kraftstasjonar knytta til sitt distribusjons- og regionalnett. Det er mange potensielle vassdrag som kan byggast ut. Me antar det med tid vert fleire. Det er utarbeidd rutinar for lik og samtidig informasjon til desse. Informasjon om kapasitet i nett vert delt fritt med alle som har ei berettiga interesse, både produsentar og kundar.



Klager

Det er ikkje registrert klager i 2024 på selskapet sin nøytralitet.

Yngve Lægreid,
Nøytralitetsansvarleg



Vedlegg:

Rutinebeskrivelse for nøytralitet i Indre Hordaland KraftNett AS

1 Innledning

Grunna nettselskapa sin funksjon som eit naturleg monopol, stiller styresmaktene krav til korleis nettselskapa skal agera. Krava seier at nettselskapa skal opptre nøytralt overfor strømleverandørar og kundar når det gjelder leveransen av ulike tenester og når det gjeld tilgang til informasjon om tenestene. Nettselskapet skal dessutan handtera informasjon på ein måte som gjer at straumleverandørar eller andre tenesteleverandørar ikkje får eit konkurransefortrinn. Krava til nettselskapa sin nøytralitet er dekkja i forskrift om måling, avrekning, fakturering av netttjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv., samt i forskrift om nettregulering og energimarknaden. For å bidra til at nettselskapa faktisk opptre nøytralt, er dei pålagt å ha interne rutinar som syner kva plikter knytta til nøytral framferd som gjeld for dei tilsette og leiinga.

2 Organisering

Indre Hordaland KraftNett AS (IHK) er eit av tre heileigde dotterselskap av Energiselskapet Hardanger AS. Dei andre dotterselskapa er Hardanger Energi AS og Hardanger Energi Breiband AS. Sistnevnte var funksjonert inn i Energiselskapet Hardanger AS frå 01.01.2023. Energiselskapet Hardanger AS eig også 50% av selskapet Teltech AS. Den andre eigaraen er Voss Energi AS. Selskapet er ein elektroentreprenør og tilbyr tjenester retta mot tele-og fibermarkedet.

I desember 2024 varsla Energiselskapet Hardanger AS at dei har kjøpt alle aksjane i Kvamnet AS. Kvamnet er breibandsleverandør i Ullensvang, Kvam, Samnanger og deler av Bjørnafjorden. Dei har same kjerneoppgåver som Hardanger Energi Breiband AS. Kvamnet vil med virkning frå 2025 verte eit dotterselskap på lik linje med dei andre. Selskapet vil inntil vidare fortsetta som eit eige selskap.

3 Informasjonsdeling i konsernet

IHK skal ikkje gje tilgang til informasjon som andre aktører ikkje har, og som kan utnyttas i markedet.

Unngå prat om ikkje-offentlig informasjon i fellesområder på arbeidsplassen.



4 Personvern

IHK har eige kundeinformasjonssystem og kundesenter.

IHK kjøper kundehandsamingstjenester frå Hardanger Energi AS(HE) og morselskap - Det er to dedikerte personar ansatt i HE som har tilgang til IHK sin kundedatabase til Elhub på IHK sine vegne.

Personvern og nøytralitet for kundehandsaming i IHK er regulert av eigen instruks.

5 Kjøp av tjenester

Alle innkjøp skal gjøres i henhold til Lov om offentlige anskaffelser og forsyningsforskriften.

Interne kjøp frå morselskap eller søsterselskap skal skje i henhold til skriftlege avtaler. Jf energilova §§4-6 og 4-7.

6 Markedsføring

IHK skal i sin markedsføring skilje seg klart frå andre foretak i konsernet som nettselskapet er del av.

Dette innebærer blant anna at IHK skal ha eigen nettside. Nettsida inneholder kun informasjon frå IHK. Nettsida skal ikke dele lenker til enkelte straumleverandørar.

7 Kunder med leveringsplikt

For kunder som ikkje har avtale med strømleverandør, har IHK en leveringsplikt, jf. energiloven §3-3.

Kunder skal informeres om ordninga og henvises til korleis velje straumleverandør jf. avregningsforskriften § 8-1.

8 Opplæring

Alle nyansatte får opplæring i nøytralitet. Opplæringa består av gjennomgang av rutinebeskrivelse, konsernet sin struktur og siste nøytralitetsrapport.

Dagleg leiar sørger for at opplæringa vert gjennomført.

Årleg sendes årsrapport til alle ansatte.

9 Rapportering av avvik

Avvik eller mistanke om avvik på nøytralitet skal rapporteres gjennom IHK sitt avvikssystem, Simployer.

10 Årsrapport

Kvart år skal det produserast ein nøytralitetsrapport som syner korleis nettselskapet handterer utfordringar knytta til nøytralitet.

Rapporten utarbeides av nøytralitetsansvarlig, og skal publiseres på IHK si nettside innen 1. april.

11 Nøytralitetsansvarlig

IHK har utpekt Yngve Lægreid som nøytralitetsansvarlig. Yngve Lægreid er ansatt i IHK som Nettingeniør.



INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK

Føretaksnummer 919 415 096 MVA

"Din lokale energileverandør!"

